

Biblioteket på kaien er blitt endå finare!

24.06.2017



Biblioteket pynta med blomster

Nyleg skreiv vi om mini-biblioteket på Sandakaien som Spar Uskedalen har sett opp. På veg til jobb i går stakk eg nedom Sandakaien, og då la eg merke til at den fine vesle bibliotekshytta i Spar-fargane raudt og grønt no var blitt pynta opp med potteblomster hengande på begge sider av døra. Det var så fint at eg syntes det fortente eit bilde på uskedalen.no.



Velfylte hyller.

Mini-biblioteket er det siste av fire nye tilbud som Spar Uskedalen har bidratt med på Sandakaien, nær

restauranten Oska og like ved båthamna, dei siste månadene. Først kom Den Blå Stolen som alt er blitt ein samlingsplass som mellom anna vert mykje nytta til fotografering. Deretter vart petanque-banen med internasjonale mål og utesjakken opna. Nyleg kom altså biblioteket på plass. Der kan alle, både fastbuande og tilreisande, ta turen innom og finna seg koseleg lesestoff. Det er mykje å velja i for hyllene er velfylte, og det er til og med ein benk ein kan setja seg ned på når ein blar i bøkene. Spar Uskedalen håpar mange set pris på tilboda, nyttar seg av dei og tar godt vare på dei. Alle tilboda er døgnopne. Det er ikkje butikken til Spar Uskedalen, men det er ikkje så langt unna. Dei opnar kl.6 om morgonen og stengjer ikkje før kl.22 på kvardagar. Laurdag stengjer dei kl.20.

Det er elles mange gode aktivitetstilbod som ligg nær dette området med båthamna, campingplassen, restauranten Oska og skuleområdet med kunstgrasbanen, aktivitetsparken og badestranda. Hvis ein vil gå eit par tre hundre meter, har Elins Matgleder open kafè m.m..

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland